

## Tor Hegle

---

**Fra:** Tor Hegle

**Sendt:** 18. april 2012 15:46

**Til:** 'Rolv Eide'

**Kopi:** Einar Urheim; 'kjell@rekhuset.no'; 'ark.tt@online.no'

**Emne:** SV: Tilbaketrekking SØK og førespurnad. Sak 2008/1587

Hei.

### Om stadfesting av møte 27.03.12.

Eg viser til epost av 27.03.12., der det er stadfesta drøftingstema frå møte same dag. I stadfestinga av 27.03.12., er kome inn ei mistyding ved at det er nemnt feil høgde. Følgjande skal stå:

1. Byggeløyve og mellombels bruksløyve.
  - a. - Det er gjeve MB (mellombels bruksløyve) for underetasje (1.høgda), 2.etasje(3.høgda) og 3.etasje(4.høgda) i tiltaket.
  - b. - MB er mellom anne gitt på grunnlag av tilbakemelding frå ansvarleg søkjar - at krav til parkeringsplassar er stetta.
  - c. - Det er ikkje søkt om IG (igangsettingsløyve) for 1.etasje (2.høgda). Heile høgda er ulovleg teken i bruk utan IG og MB.
  - d. - Bygging og ibruktaking utan løyve kvalifiserar for tap av ansvarsrett jfr.SAK§6-9.
2. Gjeldande situasjonsplan.
  - a. - Godkjent situasjonsplan er knytt til rammeløyve av 17.06.02. (Det er seinare gitt nytt byggeløyve av 07.04.03.).
  - b. - Det er ikkje kome inn endringsmeldingar på situasjonsplan.
3. Parkeringsplassar (vilkår for byggeløyve).
  - a. - Ansvarleg søkjar melder at ein oppfattar at gjeldande krav til parkering er 48 P-plassar (som følgje av løyver av 17.06.02., og 07.04.03).
  - b. - Nokre P-plassar ligg nokre på eigen grunn. Resten av dei meldte P-plassane ligg på annan manns grunn, og er leigde.
  - c. - Kommunen har bedt om utgreiing om stoda for P-plassane, i brev av 21.07.08. og 19.02.09.
  - d. - Tiltakshavar sin advokat har bedt om møte i brev av 29.09.11.
  - e. - Kommunen har meldt om at dei, for tida, ikkje har P-plassar å selje eller leige ut.
4. Ulovlege forhold.
  - Kommunen vil tilskrive tiltakshavar med pålegg om
    - a. - Retting av ulovleg bruk av 1.etasje (2.høgda).
    - b. - Tilpassing av bruken i tiltaket i forhold til tilgjengelege P-plassar.

### Tilbaketrekking av ansvar for SØK.

Vi har registrert din tilbakemelding om trekking av ansvarsrett for ansvarleg søkjar på byggesak Gbnr.188/633.

Vi har vidare registrert at tiltakshavar har fått melding om tilbaketrekinga.

Som følgje av tilbaketrekking av ansvarleg SØK, er det tiltakshavar som no, inntil vidare, vil vere adressat i byggesaka.

Kopi av denne eposten vert derfor sendt til han.

Eg ynskjer ikkje å gi tilbakemelding på førespurnad knytt til ansvarsrett for prosjektering, då dette er et privat avgjer.

### Om tilsyn.

Vi vurderer å føre tilsyn i byggesaka. Tilsyn kan rettast mot alle ansvarlege føretak i ei byggesak. Kommunen vil òg kunne føre tilsyn mot føretak som har trukke ansvarsretten i ei byggesak.

Dette til orientering.

Mvh  
Tor Hegle, Einingsleiar  
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune

---

**Fra:** Rolv Eide [mailto:rolv@arkrolveide.no]  
**Sendt:** 28. mars 2012 06:54  
**Til:** Tor Hegle  
**Emne:** Tilbaketrekking SØK og forespørsel

God morgen.

Det vises til møtet i går og det vedlegges herved brev hvor jeg trekker mitt ansvarsforhold som ansvarlig søker.

Litt av bakgrunnen for denne situasjonen som jeg har kommet opp i er at Trond Thorsø leiet kontorplass hos meg fra 2001 til ca 2005. Etter dette hadde vi behov for alt areal selv. Vi er i dag 6 ansatte. 1 arkitekt, 4 sivilarkitekter og en teknisk designer. Trond Thorsø er en gammel venn og har drevet egen arkitektvirksomhet i mange år. Jeg hadde derfor ingen betenkeligheter ved "utlån" av min godkjenning.

Et annet problem er at jeg også står som ansvarlig prosjekterende for arkitektfag på bygget. Her har jeg signert kontrollerklæring for prosjektering. Om jeg tillater meg å spørre deg. Kan dette være et problem. Bør/eller kan jeg søke om å trekke meg fra dette også.

Jeg setter også pris på tilbakemelding på om brevet hvor jeg trekker meg bør ha mer spesifikke opplysninger om grunnen.

Med vennlig hilsen  
Rolv Eide

**ARKITEKT**  
**ROLV EIDE AS**

**ADRESSE** | Postboks 325, 5343 Straume  
**TELEFON** | 56 33 23 80  
**FAX** | 56 33 23 30  
**MOBIL** | 90 16 71 01  
**EPOST** | [post@arkrolveide.no](mailto:post@arkrolveide.no) [rolv@arkrolveide.no](mailto:rolv@arkrolveide.no)  
**WEB** | [www.arkrolveide.no](http://www.arkrolveide.no)

---

**Fra:** scanner@arkrolveide.no [mailto:scanner@arkrolveide.no]  
**Sendt:** 28. mars 2012 06:40  
**Til:** Rolv Eide  
**Emne:** Message from KMBT\_C280